



Arkivnr: 2014/11957-22

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		17.01.2018
Fylkesutvalet		01.02.2018

## Odda Vegfinans AS - søknad om driftsstøtte for 2017

### Samandrag

Odda Vegfinans AS har i brev til Hordaland fylkeskommune datert 19.5.2017 søkt om driftsstøtte for 2017. Bompengereforma medfører at Odda vegfinans AS ikkje blir eit bompengeselskap. Det er planar om å avvikla selskapet. I samband med avviklinga av selskapet er det behov for noko driftsstøtte, slik at selskapet ikkje har underskott ved avvikling.

Selskapet har lånt 2,5 mill. kr. frå Hordaland fylkeskommune og stilt dette beløpet kostnadsfritt til rådvelde for Statens Vegvesen. Fylkesrådmannen tilrår at dette lånet vert gjort rentefritt og at forskotteringsavtalen som Odda Vegfinans har med Vegdirektoratet vert overført til Ferde AS (det regionale bompengeselskapet for Vestlandet og Sørlandet).

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet løyver kr. 130 000 til Odda Vegfinans AS for 2017, finansiert over samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2018.

**Økonomi:** Utgift, men skal brukast til tilbakebetaling på lån gjeve av fylkeskommunen

**Klima:** Driftsstøtta ha ingen direkte klimaeffekt. Nye tunnelar kan gje lågare utslepp grunna slakkare kurvatur, men også auka utslepp grunna auka biltrafikk.

**Folkehelse:** Ikkje relevant i første omgang

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr. 130 000 til Odda Vegfinans AS for 2017, finansiert over samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2018.
2. Fylkesutvalet vedtek at Hordaland fylkeskommune sitt lån til Odda Vegfinans AS vert gjort rentefritt.
3. Ved avvikling av Odda Vegfinans AS, føreset fylkesutvalet at forskotteringsavtalen som Odda Vegfinans AS har med Vegdirektoratet vert overført til Ferde AS.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Odda vegfinans AS - Søknad om tilskot 2017
- 2 Presentasjon i MISA291117

Fylkesrådmannen, 19.12.2017

### Bakgrunn

Odda Vegfinans AS har i brev til Hordaland fylkeskommune datert 19.5.2017 søkt om driftsstøtte for 2017. Føremålet med selskapet har vore å stå for delfinansiering av planlegging og bygging av ny veg og ny tunnelløysing for E134 innafør planområdet som er definert i vedtekte kommunedelplanar for Odda og Vinje kommunar frå 2008. Selskapet vart stifta som eit «pådrivarselskap», som skulle bli til eit bompengeselskap. HFK eig 52% og 12 kommunar eig 4% kvar av selskapet. Bompengereforma medfører at Odda vegfinans AS ikkje blir eit bompengeselskap. Det er planar om å avvika selskapet. I samband med avviklinga av selskapet er det behov for noko driftsstøtte, slik at selskapet ikkje har underskott ved avvikling.


### Om prosjektet E134 over Haukeli

Prosjektet E134 Seljestad - Røldal omfattar ein omlag 13 km. lang tunnel frå Seljestad til Liamyrane ovanfor Røldal. I tillegg inngår tilknytningsveggar med kryss på Seljestad og Liamyrane. Ny veg vil fjerna dagens parti med stigning og føra til ei innkorting av E134 på omlag 5 km. E134 Røldal – Vågsli omfattar vegstrekninga Vågsli – Liamyrane med nye tunnelar forbi Vågslitunnelen og Haukeliseter.

KVU/KS1 vart behandla av regjeringa i 2011. Kommunedelplan vart vedteke i 2008. Det er venta at reguleringsplanen vert vedteke våren 2018.

Stortinget har i handsaminga av NTP 2018 - opna for oppstart av E134 Seljestad-Røldal med bompengandelen i første 6-årsperiode av NTP 2018-2029. Det er lagt til grunn statlege midlar til å starta utbygginga av E134 på strekninga Vågsli –Røldal i perioden 2024 – 2029.

Det er ikkje utarbeida bompengesøknad for prosjektet. Haukelivegen AS legg opp til at arbeidet med ei bompengeutgreiing for heile fjellovergangen (Seljestad-Vågsli) kan starta i 2018.



### Søknad om driftsstøtte

Odda Vegfinans AS søker om kr. 130 000 i driftstilskott for 2017. Odda Vegfinans skriv:

*«Inntil selskapet kjem i gang med bompenginnkreving er vi avhengig av tilskot til drifta og til rentekostnaden med lånet på 2,5 mill kr.»*

### **Odda Vegfinans sitt lån**

Vegdirektoratet godkjente i notat frå 23. mars 2011 at Odda Vegfinans AS kan forskottera inntil 2,5 mill. til utarbeiding av reguleringsplanar for E134 Haukelitunnelane. Selskapet har lånt 2,5 mill. kr. frå Hordaland fylkeskommune og stilt dette beløpet kostnadsfritt til rådvelde for Statens Vegvesen.

Fylkesrådmannen har vore i kontakt med Vegdirektoratet for å avklara kva som skjer med lånet om Odda Vegfinans vert lagt ned. Vegdirektoratet skriv i epost frå 12.12.2017:

*«For unngå tap må fylkeskommunen sørge for at forskutteringsavtalen overføres til Sørvest Bomvegselskap AS når Odda Vegfinans AS legges ned. Vi viser i den forbindelse til pkt. 15.2 i bompengavtalen med det regionale bompengeselskapet som åpner for forskuttering av bompenger før prosjektet vedtas i Stortinget.»*

I bompengavtalen pkt 15.2 som det vert vist til står det:

*«Utgifter som Selskapet har pådratt seg i forbindelse med konkrete bompengeprojekt før Stortinget har truffet vedtak om bompengeneinnkreving, kan ikke dekkes med bompenginntekter. Eventuell gjeld som er pådratt før dette tidspunkt, skal være innfridd før det inngås prosjekt- og finansieringsavtaler. Departementet eller Statens vegvesen v/Vegdirektoratet kan likevel samtykke i at Selskapet eller Prosjektselskap tar opp lån eller pådrar seg utgifter til planlegging/prosjektering av prosjektet før Stortinget har truffet vedtak i saken. Det er i tilfelle en forutsetning at det er stilt fylkeskommunal og/eller kommunal garanti, evt. annen sikkerhet, for låneopptaket. Dersom bompengefinansiering av prosjektet ikke blir vedtatt av Stortinget, skal Selskapets lån og eventuelle andre forpliktelser som Selskapet har pådratt seg til planlegging/prosjektering, dekkes av den stille sikkerheten.»*

Om Ferde (som tidlegare heitte Sørvest Bomvegselskap AS) overtar lånet ved nedlegging av Odda Vegfinans AS, kan ikkje Ferde AS finansiera rentekostnaden ved å belasta andre bomprosjekt. Hordaland fylkeskommune må i såfall tilføra selskapet ei driftsstøtte som tilsvarar rentekostnaden.

### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Fylkesrådmannen har venta med å fremja sak om driftsstøtte i påvente av at det vart meir avklara kva rolle Odda Vegfinans AS skal/kan ha i høve til framtidig bompengeneinnkreving på Haukelifjell. Grunna bompengereforma, med etablering av regionale bompengeselskap, vil ikkje slike «pådrivarselskap» som Odda Vegfinans AS bli til framtidige bompengeselskap. Odda Vegfinans AS vil dermed ikkje kunna betala tilbake lånet til Hordaland fylkeskommune gjennom framtidig bompengeneinnkreving. Fylkesrådmannen tilrår at lånet vert gjort rentefritt og at forskutteringsavtalen som Odda Vegfinans har med Vegdirektoratet vert overført til Ferde AS.

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet løyver kr. 130 000 til Odda Vegfinans AS for 2017, finansiert over samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2018.